

TRYGGHEIM BARNEHAGE.

Tryggheim barnehage vart starta i 1979, den gongen som ein korttidsbarnehage med opningstid 4 timar pr. dag. Lokala var då i ein av lærarbustadane inne på skuleområdet til Tryggheim vidaregåande skule. Samfunnet har endra seg sidan den gongen og dermed òg behovet for lenger opningstid i barnehagen.

1. september 2006 kunne me flytte inn i eit nytt flott 4-avdelings barnehagebygg.

Aldersfordelinga på dei ulike avdelingane varierer alt etter behovet.

Tryggheim barnehage er ein privat barnehage som er eigd og vert driven av Norsk Luthersk Misjonssamband. Barnehagen har kristen føremålsparagraf:

"Barnehagen skal i nær forståing og samarbeid med heimen, hjelpe til å gje barna ei kristen oppseding i eit trygt miljø. Barnehagen skal gje gode utviklingsmoglegheiter, utvikle deira evne og vilje til samarbeid med andre, bære ansvar for og ha omsorg for menneske både i heimland og mellom folkeslag"

Det me ynskjer, og ser er viktig, er å få til eit trygt og godt miljø kor kristen nestekjærleik syner seg i praksis. Målet er at dette kjem til uttrykk i alle ulike relasjonar.

INNHALDET I BARNEHAGEN.

**"KJÆRLIGHET, OMSORG, TRYGGHET OG GLEDE.
UNDRING, NYSGJERRIGHET, VOKSNE TIL STEDE"**

Dette er visjonen vår, eller "ledestjerna" vår, og ut frå denne har me laga eit hovudmål:

Me ynskjer å skapa ein god fellesskap kor kvart einskild barn skal oppleve seg sjølv som ein positiv deltakar som gir og får noko tilbake og at det utgjer ein forskjell.

Grunnlaget for å skape ein solid fellesskap med barna er **ubetinga kjærleik.**

MÅL: Barna skal kjenna seg elska:

- uansett korleis dei ser ut
- uansett kva deira sterke/svake sider er
- uansett korleis dei oppfører seg
- uansett kva handikap dei måtte ha
- uansett kva me forventar dei skal være

Dette er òg viktige element når det gjeld utvikling av sjølvfølelse og sjølvtilitt.

For å stimulere denne utviklinga må personalet ha fokus på anerkjennande kommunikasjon.

*** Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg.** Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonar mellom personalet og barna og barna si omsorg for kvarandre.

MÅL: -Skapa relasjonar som er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel.

- Gje barna høve til å gje og ta imot omsorg for kvarandre.

*** Barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne.** Dette skal barnehagen støtte opp om og på den måten gje eit godt grunnlag for livslang læring.

MÅL: - Barnehagen skal gje barna rike høve til å utforske og eksperimentere, både i formelle og uformelle læringssituasjonar.

- Personalet skal møte barna si undring på ein utfordrande og utforskande måte.

*** Personalet i barnehagen skal vera tydelege modellar** og dei skal være bevisste på sin kulturelle og verdimesige ståstad. For å ta vare på oppdragarmandatet til barnehagen, må personalet erkjenne rolla som kulturformidlarar gjennom sin eigen veremåte. Dei skal rettleie barna i høve til samfunnskrav, sosiale krav og eigen veremåte og hjelpe dei til å oppfatte kva rammer som er akseptable i samvær med andre.

Personalet må heile tida vurdere og reflektere over sine egne haldningar og haldningar og kunne grunngje sine verdistandpunkt. Arbeidet med sosial kompetanse har vore og er eit av hovudelementa i personalet sitt arbeid i høve til oppsedinga.

MÅL.: - Vera eit reflekterande personale som deler av sin kunnskap, har eit stort hjarte og er innstilt på action.

Rammeplanen seier at innhaldet i barnehagen skal vere allsidig og variert, og det skal utformast slik at kvar einskild får opplevingar og erfaringar som støttar utviklinga av kunnskap, evner og haldningar.

LEIKEN skal ha ein sentral plass i barnehagen vår og me ynskjer å gje god tid til leik både inne og ute. Me legg opp dagsrytmen slik at det vert minst mogleg avbrot og barna får høve til å gjera leiken "stor" og innhaldsrik. Ein god leikefellesskap legg grunnlaget for venskap og har stor innverknad på den psykiske helsa hjå barna.

For å sikre at alle barn er inkludert i leikefellesskap nyttar me «leikegrupper» kor barna får bestemme leiketema sjølv. Personalet si oppgåve er å vera tilgjengelege slik at dei kan støtte, inspirere og oppmuntre i leiken.

Leiken vil òg få stort fokus hjå oss barnehageåret 2018/2019 sidan Hå kommune har eit samarbeid med Kari Pape i eit prosjekt dei har kalla «leingi i alle ledd». Kari Pape gir leiken stor plass i dette prosjektet.

DANNING er ein livslang prosess som bl.a. handlar om å utvikle evne til å reflektere over egne handlingar og veremåte og skjer i samspel med omgjevnadane. Danning i barnehagen skal forankrast i verdiane og føremålet. Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Gjennom danning vert grunnlaget for barnet si allsidige utvikling lagt.

"Danning er det me har att når me har gløymt alt me har lært" Ellen Key, svensk ped./forf.

TILVENNING til ein kvardag i barnehagen utan mor og far har stort fokus hjå oss. Den fyrste tida i barnehagen er svært viktig for at barnet skal få eit trygt og godt «barnehage-liv». I tilvennings-tida har me stort fokus på TRYGGHETS-SIRKELEN og prøver å formidle til alle foreldre viktigheten av at dei set av tid til å vere barnet sin trygge «base». På foreldremøte får foreldra informasjon om korleis barnehagen tenkjer iht tilvenningsperioden. Me vektlegg kontakt-personar for det einskilde barnet, samtale med foreldre og GOD TID.

PLANLEGGING og VURDERING.

KVEN	KVA	KORLEIS
Barn	Det daglege innhaldet i barnehagen	Dagleg samspel/interaksjon Barnesamtalar
Foreldre	Forventningar Barnehagetilbodet Personalet sin kompetanse på deira barn	Gjennom SU/FAU Brukarundersøking Foreldresamtalar Dagleg kontakt
Personalet	Innhald, måloppnåing Relasjonskompetanse «Være Sammen» «Verdiplattform»	Halv-og heilårs-vurderingar Avd. møte, pers.møte, ped.l.møte Praksisforteljingar Personalmøter
Styran	Økonomi/ Drift	Årsmelding/Årsrapport Gjennom eigarstyret

DOKUMENTASJON.

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid viser korleis dei jobbar for å oppfylle krava i barnehageleva og rammeplanen.

* Læringsbok: Her prøver personalet(etter beste evne) å dokumentere barnet sin kvardag i barnehagen.

* Dagsreferat, veke/månadsplanar og pedagogisk langtidspan.

PROGRESJON.

«Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleva framgang». (Rammeplan 2017) Rammeplanen seier òg at «årsplanen skal vise progresjon i innhaldet» og at «barna skal få utfordringar som er tilpassa deira erfaringar, interesser, kunnskapar og ferdigheiter».

Litt progresjon kjem fram i årsplanen men elles har me utarbeida progresjonsplanar for ulike utviklingsområder som de etter kvart kan finne på heimesida vår.

SPEIELT FOR BARNEHAGEÅRET 2018/2019.

Barnehageåret 2018-2019 skal me jobbe med implementering av «Verdiplattform for NLM sine barnehagar». Dette dokumentet vart revidert og gitt ut på nytt tidleg på nyåret i 2018. Alle NLM sine barnehagar har dette som prosjekt og har fått statleg støtte til arbeidet. «Barnehagen sitt verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagen sitt pedagogiske arbeid» heiter det i rammeplanen (2017). Verdiplattforma omhandlar vårt grunnsyn og våre relasjonar i barnehagekvardagen. Den forpliktar barnehagen på t.d. formidling av bibelforteljingar, gje barna begrepsapparat til å snakke om Gud, formidle respekt for annleis truande og tenkjande og at barna skal bli kjende med NLM sitt misjonsarbeid.

- **Høfleg framferd.**

Me har dette året òg lagt til årshjul for innlæring av «høfleg framferd» i oversikta. Kvar månad har me spesielt fokus på eit område som handlar om «vanleg folkeskikk».

1-3 ÅRS-AVDELING: Tlf. 51 43 85 22
* Perlene Mob. 47467430 mail: tryggheim.perlene@nlmbhg.no
* Stjernene Mob. 47482257 mail: tryggheim.stjernene@nlmbhg.no

3-6 ÅRS-AVDELING: Tlf. 51 43 85 21
* Sommarfuglane Mob. 47463957 mail: tryggheim.sommarfuglane@nlmbhg.no
* Blomane Mob. 47465571 mail: tryggheim.blomane@nlmbhg.no


DAGLEG LEIAR: Tlf. 51 43 45 80
Mob. 92428708

Meir informasjon på heimesida vår:


<http://tryggheim.sky1.no>


E-post adresse: tryggheim.narbo@nlmbhg.no (til kontoret)

ÅRSPLAN 2018-2019.



OVERSIKT OVER HEILE BARNEHAGEÅRET 2018/2019.



TEMA	AUGUST TILVENNING og VENSKAP Kropp, rørslé, mat og helse		SEPTEMBER HAUSTENS GRØDE og BRANN Natur, miljø og teknologi/Tal, rom og form		OKTOBER MISJON: ELFENBENSKYSTEN og MALI Etikk, religion og filosofi/Kunst kultur og kreativitet		NOVEMBER KROPPEN MIN Kropp, rørslé, mat og helse/Tal, rom og form	
FOKUS	1-2år: Trygghet og omsorg 3år: Respekt	4-5år: Sjølvtilitt/sjølvkontroll Sjølvfølelse/sjølvhevding	1-2år: Smake, kjenne, føle 3år: "Frå gras til mjølk"	4-5år: "Frå korn til brød" "Frå jord til bord"	1-2år: Omsorg 3år: Dele med andre	4-5år: Samarbeid Empati	1-2år: Åle og krype. 3år: Klatre, hoppe, stupe kråke	4-5år: Balansere, hinke, m.m. 1.Hjelp.
MÅL	*Barna skal oppleve trygghet og tilhørighet, etablere gode relasjonar og oppleve seg sjølv som verdifulle i felles-skapet.		*Barna opplever naturen og undring over mangfaldet i naturen. *Barna får erfaring med og kunnskap om dyr og vekstar og deira gjensidige avhengighet og betydning for matproduksjon. *Barna får innsikt i kor maten kjem frå, korleis den vert laga og vegen frå mat til måltid		*Skape interesse hjå barna for å bidra til forståing og toleranse for ulike kulturar og ulike måtar å leve på. *Erfaring med å hjelpe/dele med dei som ikkje har det like godt som oss.		*Barna skaffar seg gode erfaringar med varierte og allsidige bevegelsar og utfordringar, får ei positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistring og utviklar respekt og forståing for eigen og andre sin kropp og for at alle er ulike. *Barna bruker kropp og sansar for å utvikle romforståelse. *Barna lærer 1.Hjelp gjennom dokka «Henry».	
BIBELFORTELJING	Du er unik.		Takk.		Misjonsbefalinga.		Skapt i Guds bilete.	
AKTIVITETAR			04.09.: Tur til brannstasjonen for Løvegruppa. Hausttakkefest.		Misjonsdagar: foreldre, sysken m.fl. vert inviterte. 24.10.: FN-dagen.		«Mini-Røris»	
«VÆRE SAMMEN»	1-6 år: «Godt at venner finnes»		1-6 år: «Regnbueløvens fantastiske brøl» og «Løveloven»		1-6 år: Barnekonvensjonen. «Regnbueløvens fantastiske brøl»		1-6 år: «Regnbueløvens fantastiske brøl».	
HØFLEG FRAMFERD	«God morgon», «Takk for i dag», «Ha det», «God helg»		«Takk for maten», «Ja-takk», «Nei-takk»		«Vær-så-god», «Takk»		«Kan du sende?», «Kan eg få?»	
FORELDRE-SAMARBEID	Tilvenningssamtale med nye barn. 15.08.: PLANLEGGINGSDAG.		13.09.: FORELDREMØTE.		18.10.: Barnehagen syng på barneveke på bedehuset.		16.11.: PLANLEGGINGSDAG.	
TEMA	DESEMBER JUL Etikk, religion og filosofi		JANUAR BIBELTEMA: MOSES Etikk religion og filosofi/Kunst, kultur og kreativitet		FEBRUAR VENSKAP Kommunikasjon, språk og tekst/Nærmiljø og samfunn		MARS VENSKAP Kommunikasjon, språk og tekst/Nærmiljø og samfunn	
FOKUS	1-2år: Jule-evangeliet. 3år: Juleforteljingar.	4-5år: Juletradisjonar. Jul i "gamle dagar".	1-2år: Moses i sivet 3år: Landeplagene	4år: Rødehavet, 10 bod, Ørkenvandring 5år: «Det lova landet»	1-2år: Leik og glede. 3år: Prososial åtferd.	4-5år: Medmenneske Vera ærleg.	1-2år: Leik og glede 3år: Prososial åtferd	4-5år: Sjølvtilitt/sjølvkontroll Sjølvfølelse/sjølvhevding
MÅL	*Barna får kjennskap til jule-evangeliet og til ulike andre tradisjonar knytte til julehøgtida. *Barna får kjennskap til innhaldet i Jule-evangeliet.		*Barna får kjennskap til historia om Moses frå det gamle testamentet presentert alt etter alder. *Barna får kjennskap til ulike følelsar *Barna får bearbeida historia gjennom kreative uttrykk.		*Barna får erfaring med å lytte, observere og gje respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne. *Barna får erfaring med at alle menneske, uansett alder og forutsetningar inngår i og bidreg til barnehagen sitt felles-skap.		*Barna lærer å bruke språket sitt til å uttrykke følelsar, ynskje og erfaringar, til å løse konflikter og å skape positive relasjonar i leik og anna samvær.	
BIBELFORTELJING	Jule-evangeliet.				Vera medmenneske.		Omsorg.	
AKTIVITETAR	Kyrkjebesøk. Nissefest.		« På-tvers-grupper»		06.02.: Samisk nasjonaldag. 02.: Me feirar 5-årsdag som «Løvebarnehage».		12.03: Barnehagedagen.	
«VÆRE SAMMEN»			1-3 år: «Støvlett er seg selv» «Det er fint å være meg» 3-6 år: Magnet-tavle.		1-3 år: «Gamasj ser og blir sett» «Jeg vil være med» 3-6 år: Magnet-tavle.		1-3 år: «Skalk er sint» «Jeg kan trøste og bli trøstet» 3-6 år: Magnet-tavle.	
HØFLEG FRAMFERD	«Vil du låna?...», «Kan eg få låna?..»		«Treng du hjelp?...», «Kan nokon hjelpe?..»		«Vil du vera med?...», «Kan eg få vera med?..»		«Er du lei deg?...» Gje trøyst.	
FORELDRE-SAMARBEID	FORELDREKAFFI/GLØGG.		Temautstilling for foreldre m.fl. 02.01.: PLANLEGGINGSDAG					
TILPASSA SKULESTART			Skuleklubb: Fargar/former.		Skuleklubb: Tal, mengder, matematikk, Skulebesøk.		Skuleklubb: Bokstavar. Skulebesøk.	
TEMA	APRIL VÅR / PÅSKE Natur, miljø og teknologi/Nærmiljø og samfunn		MAI EG OG VERDA/FORTELJINGA: TORBJØRN EGNER Nærmiljø og samfunn/ Kommunikasjon, språk og tekst		JUNI FORTELJINGA: TORBJØRN EGNER Kommunikasjon, språk og tekst/Kunst, kultur og kreativitet		JULI SOMMAR	
FOKUS	1-2år: Sansane mine. 3år: Utforska/oppleva.	4-5år: Utforska /oppleva.	1-2år: Flaget vårt. 3år: Kongehuset.	4-5år: Noreg, landet vårt. Noreg, ein del av verda.	1-2år: Sangar og og nokre av fig. 3år: Bli kjende med historien	4-5år: Bli kjent med forfatteren Hakkebakkeskogen	 <p>BARNEHAGEN ER STENGD I VEKE 29 OG 30.</p>	
MÅL	*Barna får gle seg over årstida og kjennskap til miljøvern og samspelet i naturen. *Barna opplever glede over å utforske og leike med tal og former, undre seg over ulike fenomen i den fysiske verden. *Barna får kjennskap til innhaldet i Påske-evangeliet		*Barna utviklar tillit til eiga deltaking i og påverknad på felles-skapet. *Dei får kjennskap til verdier og kultur, høve til eiga kulturskaping og opplever glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.		*Barna får leike, improvisere og eksperimentere med rim, rytme, etc. *Barna får ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skaperglede. *Barna blir kjende med forfatteren. *Dei får oppleve spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, samtale og sang			
BIBELFORTELJING	Påske-evangeliet.		Kristi himmelfartsdag.		Pinse.			
AKTIVITETAR	Eksperiment. Aktivitetsdag.		Bli kjent på «ny» avdeling.		05. - 06.: Leir for "skulebarne" på Holmavatn. Bli kjent på «ny» avdeling.			
«VÆRE SAMMEN»	1-3 år: «Tenk om jeg ble plaget». 3-6 år: Magnet-tavle.		1-3 år: «Vi er sammen». 3-6 år: Magnet-tavle.		1-3 år: «Det er fint å være meg». 3-6 år: Magnet-tavle.			
HØFLEG FRAMFERD	«Takknemlig».....snakke om begrepet.		«Høfleg».....snakke om begrepet.		Me repeterer «året».			
FORELDRE-SAMARBEID			BARNE-TOG 17.MAI. DUGNAD 31.05.: PLANLEGGINGSDAG		BESØKSDAGAR NYE BARN 13.06.: SOMMARFEST 13.06: PLANLEGGINGSDAG.			
TILPASSA SKULESTART	Påskefrukost Skuleklubb: Ulike begrep. Skulebesøk.		Skuleklubb: Språksprell. Skulebesøk.		Skuleklubb: Avslutning. Skulebesøk.			